



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 12.04.2016

Sak nr.: 15/10080-4
Internt I.nr. 12757/16

Sak: 39/16

Tittel: **Omstilling innanfor petroleumssektoren - felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet om felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Det er ein føresetnad at arbeidet skal organiserast med ei politisk styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe.
2. Fylkesordførar representerer Sogn og Fjordane fylkeskommune i styringsgruppa med fylkesvaraordførar som vararepresentant. Det vert foresett at LO, NHO, NAV, IN og UH-sektoren vert invitert inn i styringsgruppa med kvar sin representant (for regionen under eitt).
3. Fylkesrådmannen vil peike ut administrativ representant frå Sogn og Fjordane til prosjektgruppa.